

Kjære Tove Hovland,

eg takkar for høvet til å uttale meg om dette prosjektet. Eg vil rå til at mandatet for prosjektet inneheld mellom anna desse momenta:

Rusposten blir ein del av Nordfjord psykiatrisenter og bør ikkje vere ein vesentleg del av lokalsjukehusprosjektet. Det er like fullt naudsynt å sjå sjukehuset og rusposten i samanheng, slik dette går fram av funksjonsplanen for rusposten.

Kostnadene ved drift av posten er no kvalitetssikra til 20.5 millionar. Det bør gå klårt fram at dette tilbodet ikkje skal finansierast av prosjektmidlane for utvikling av Nordfjord sjukehus.

Revidert nasjonalbudsjett skriv at ein skal vurdere å utvide det psykiatriske tilbodet. Eg vil sterkt tilrå at ein går vidare med denne tanken og forankrar den i lokalsjukehusprosjektet. Prosjektet må mellom anna handle om tilbod til eldre, og ei alderspsykiatrisk satsing forankra i eit nært og forpliktande samarbeid mellom medisinsk avdeling, Nordfjord psykiatrisenter og kommunane bør vere interessant. Eit nært samarbeid med sjukehuset kan føre til at eit alderspsykiatrisk tilbod kan realiserast med ein liten netto tilførsle av ressursar. Planlegging av eit slikt tilbod er alt i gong, men bør bli ein del av planen for framtidens lokalsjukehus.

Eg vil tilrå at Nordfjord psykiatrisenter blir med i det vidare arbeidet med lokalsjukehusprosjektet. Det gjeld å sjå somatiske og psykiatriske tilbod i samanheng og tilpasse tilboda til kvarandre. Difor bør me ha ein eller to personar med i prosjektgruppa.

Beste helsing  
Trond F. Aarre  
avd.sjef